

**SKADE PÅ BILEN?**  
57 83 72 50

**BILSKADESENTERET AS**

Mån-fre 07.30 - 16.30  
57 83 72 50  
post@bilskaadesenteret.no  
Hafstadflata i Førde

SKADE-, LAKK-,  
OG GLASVERKSTAD  
www.bilskaadesenteret-as.no

**Dinitrol**  
-MOT RUST  
Rustbeskyttelse med kjemisk ruststopp – eit 1. val!

**Diamondcare**  
Diamondcare keramisk lakkbehandling med 7 års garanti og utan kostbare etterbehandlingar

**RIIS**  
BILGLASS  
Rutereparasjon og -skift på alle bilmerker, og til alle forsikringselskap.

**Ytre Sogn**

57 71 45 90  
redaksjon@ytresogn.no  
annonse@ytresogn.no  
abonnement@ytresogn.no

**Avisa for ytresogningar**

# Arkitektstudentane på plass i Høyanger

**Arkitektstudentane frå Bergen Arkitekt-høgskole hiv seg rundt så skigåarar på Siplo kan halde seg varme neste vinter.**

**Stig Hovlandsdal Øvreås**  
stig@ytresogn.no

Vedtaket om å bygge ei varmestove på Siplo i Høyanger med ein million i kommunale løyvingar kom litt ut av det blå i februar då lokalpolitikarane måtte ta ei rask avgjersle.

Årsaka var at det stod ei gruppe med avgangsstudentar frå Bergen Arkitekt-høgskole klare til å bygge varmestova denne våren, og det er no ein gong sånn at avgangsstudentar sluttar å vere studentar når sommaren kjem, og då ville Siplo og kommunen gått glipp av moglegheita til å få ei arkitekt(student)teikna varmestove til ein sterkt redusert pris.

No to og ein halv månad seinare er fundamentet for stova på plass, og det same er arkitektstudentane frå Bergen.

– Vi kom tysdag og onsdag brukte vi på å oppleve 1.

mai-feiringa, så sjølv arbeidet vårt vil ta til på torsdag, omlag ei veke bak skjema, fortel Inger Kornmo, Maria Hanset Demdal og Fredrikke Otazo.

Dei var også ein snartur innom Høyanger i haust der dei vart litt kjent med staden. Då besøkte dei mellom anna verket, og fekk der ei innføring i korleis Høyanger vart designa frå starten av som ein mønsterby av «arkitektoldefedrene» Morgenstjerne og Eide.

– Høyanger er ein faserande stad å vere på med dei ulike bustadområda og mange sjarmerande hus. Byporten er sjølvsagt og heilt unik, og er med på å ramme inn sentrum på ein måte som skapar ein trykksfølelse her. Bymiljøet i Høyanger er rett og slett faserande.

Studentane hadde også fått eit konkret innblikk i eit Høyanger som ein gong var, og det gjennom modellane til Arild Høyvik som står på Høyanger Industristadmuseum.

– Som arkitektstudentar er det sjølvsagt interessant å få sjå slike detaljerte model-



Inger Kornmo (f.v.), Maria Hanset Demdal og Fredrikke Otazo er tre av arkitektstudentane som no har come til Høyanger, og som denne veka startar på arbeidet med å sette opp varmestova Blaane på Siplo.

lar som fortel om tidlegare tiders arkitektur i eit utprega industri-samfunn som det Høyanger er.

## Siploskryt


Den første byggeperioden startar no og går fram til 8. mai. Så må studentane ein snartur tilbake til Bergen for å få unna noko småtteri kalla eksamen før dei kan returnere til det som er verkeleg viktig, nemleg varmestova Blaane.

Og når praten går frå Høyanger som stad til prosjektet dei er her for ligg og arkitektfaget konstant og lurar.

– Sidan denne varmestova skal ligge i nærleiken til barne-skitrekke på Siplo har vi hatt eit barnefokus også i designet. Det er til dømes ei peisløysing der som ein kan få tilgang til både inne og ute. Inne for å fyre til oppvarming, og ute for å grille. Og då har vi laga løysinga ute slik at den blir i fin grillhøgde for dei minste.

Dei tre fortel at dei har fått med seg at ikkje alle er einige i den kommunale pengebruken i prosjektet, og forsikrar at dei gjer alt dei kan for å senke kostnadane.

– Vi har vore på telefonen konstant sidan prosjektoppstarten for å få gode avtalar og sponsa material. Vi har også fått veldig god hjelp av Per A. Øren Transport som har frakta modulane til stova frå Bergen. Og så må vi få gje skryt til Siplogjengen som tek veldig godt vare på oss og legg til rette både for at vi skal trivast og gjort jobben vår på best mogleg måte. Vi set stor pris på mottakinga vi har fått her i Høyanger.



Omtrent slik vil Blaane bli sjåande ut når arkitektstudentane frå Bergen er ferdige med prosjektet. (Illustrasjon: Bergen Arkitekt-høgskole)

**Nå går det mot vår og sommerdekka skal på.**

Vårens dekkskifte gjer du raskt og enkelt hos oss!



Velkomen til **HØYANGER BIL**

– din lokale bilpartner



Høyanger Bil AS

www.hoyangerbil.no | tlf: 57 71 32 77 | epost: hoybil@online.no

